



BLI MED PÅ SOMMARLES 2026!

Til kontaktlærarar/norsklærarar på 1. - 7. trinn



Sommarles er ein nasjonal, digital lesekampanje i regi av biblioteka, der målet er at flest mogleg barn på 1. - 7. trinn skal lese så mykje som råd i løpet av sommarferien! Sommarles.no bruker element frå digitale spel for å motivere til lesing. I 2025 deltok over 162 000 leseglade barn, men vi ønsker endå fleire barn velkomne! Kampanjen startar 1. juni kvart år, og blir avslutta den 31. august.

Suksessen til Sommarles.no heng saman med den gode draghjelpa frå dykk lærarane. Ved å hjelpe oss med å reklamere for Sommarles på skulen før sommarferien, gir de barna ein god start, og dei kan komme godt i gang med kampanjen før sommarferien for alvor tar fart. Våre undersøkingar har vist at det er gjennom dykk vi når flest barn. **Vi håpar derfor at de vil hjelpe oss med å motivere elevane til å delta i kampanjen** – resten tar biblioteket seg av.

Vi ønsker at de:

- **Deler ut eit infoskriv** som elevane får med seg heim.
- **Snakkar med elevane om Sommarles** og oppmuntrar dei til å delta. For å bli med på Sommarles, må ein føresett opprette ein profil saman med barnet på Sommarles.no. Barna kan altså ikkje opprette profil på skulen.

- **Ser filmsendinga for i år saman med elevane:** Sommarles 2026 blir offisielt sparka i gang med kortfilmen Bibliotekjenta, etter eit manus av Erlend Loe, og blir lansert på Sommarles.no **måndag 1. juni**. Filmen kan ein sjå når som helst etter dette, og varer i ca. 15 minutt.

Kva er Sommarles.no?

- Ein nasjonal, digital lesekampanje i regi av folkebiblioteka i heile landet, som varer frå **1. juni - 31. august**
- **Alle elevar på 1. - 7. trinn** kan delta, også dei som skal begynne på 1. trinn til hausten og dei som går ut av 7. trinn ved kampanjestart.
- Sommarles.no er i utgangspunktet **ein digital kampanje**, men det er også mogleg å få lesekort på biblioteket og delta analogt. På nettsida kan barna samle poeng for lesinga si, få lesetips og skaffe seg digitale trofé som dei kan samle på. Dei kan også følge ei spesialskriven forteljing av forfattar Mari Moen Holsve, og svare på oppgåver i tilknytning til den.
- Barna blir **premiert** for innsatsen med digitale trofé på profilen sin, og med fysiske premiar som dei kan hente på biblioteket.
- **Sommarles er for alle**, både superlesarar, middels gode lesarar og dei som treng hjelp eller er i ferd med å lære seg å lese. Dei må ikkje lese sjølve, men kan velje å høyre på lydbøker eller la nokon lese høgt for seg.



Meir info om Sommarles.no og korleis de kan marknadsføre kampanjen for elevane dykkar, finn de her: <https://altom.sommarles.no>. Her kan de også laste ned plakatar og infoskriv på 21 forskjellige språk.

Ta kontakt med ditt bibliotek dersom du ønsker meir informasjon.

GOD SOMMAR MED SOMMARLES.NO!